

"På solen jeg ser"

**Alle i Kvinnherad har høyrte eller i det minste høyrte om koret med det artige namnet: "Røysterett for alle", som laurdag markerer sine fyrste 20 år med ei stor festførestelling i Husnes Kulturhus..**

Men kven var det som eigentleg fann på det artige namnet, som både fortel om folkekravet om røysterett og inviterer alle til å syngja med sin nebb? Jau, det var uskedelingen Svein Rimestad, av yrke veterinær og nyleg valt til ny leiar for koret.

- Korleis fann du på det, spør uskedalen.no

- Det kom nærmast rekande på ei fjøl, svarar Svein før ei hektisk øving på jubileumsprogrammet.

– Eg likar ordspel og dette var nærmast eit innfall. Det var ei anonym namnetevling. Vi slapp lappar med forslag i ein hatt og eg vann voteringa., Det var ein viss intern skepsis mot namnet heilt i starten, men det har vorte "varma opp" etterkvart. Seinare har vi trivst med namnet og også prøvd å profilera oss med det som symbol – til dømes ved hjelp av den gamle valurna som står i Uskedalen.

Svein kom til Uskedalen frå veterinærteneste i Lillehammer i 1982. Då hadde han ikkje sunge noko særleg sidan han studerte veterinærmedisin i Oslo. Men så tok Kristian Bringedal initiativ til å stabla eit kor på beina i samband med at Bjørgulv Eik skulle få Kulturprisen for Kvinnherad i 1987.

Koret av uskedelingar hadde rundt 20 medlemmer og tildelinga skjedde på Helgheim. Fleire av dei som var med og song tykte at koret var for godt til å leggjast ned att med ein gong og så skjedde den formelle skipinga på nyåret i 1988.

Deretter balla det på seg. Koret vart etterkvart utvida med folk også frå andre kantar av kommunen slik at dei no er bortimot 40 - frå Neslia til Sunde. At vi etterkvart har klart å rekruttere songarar så vidt er ein styrke for koret.



"...det lider alt frem"

Sjølv har ikkje Svein hatt noko leiande rolle før no når ein unntar skrivejobben like etter starten.

- Eg passar heller ikkje til å vera leiar, eg er ein skippertakmann og ikkje såflink til å syta for ei jamn verksemd. Men eg har teke på meg denne rolla for eit år og må prøve å sleppe unna ved neste val – av omsyn til koret, seier leiaren, som er eit oppkomme av frisk humor.

Svein har hatt 20 kjekke år i koret.

- Har det ikkje vore ei einaste krise?.

- Ikkje krise, men til tider har det jo vore ein ubalanse mellom kvinner og menn i den forstand at vi har vore for få.


Men vi har lært oss til å eksistera med få menn, for tida 11, sjølv om det ideelle er ein stad mellom ein tredel og halvparten.

Koret har vore prega av ein i dobbelt forstand god tone og friskt pågangsmot og har bygt seg opp heile tida. Eg trur eg kan seie at alle som er teke opp som medlemmer har kjent seg velkomne.

- Og nå skal det feirast med konsert og Latviatur?

- Ja, dei 20 åra skal markerast med brask og bram. Men vi slit oss ikkje ut på markeringa, vi gjer som vi plargjera: Vi lyfter i flokk!

Av Ola Matti Mathisen



"snart er det ved høymessetide" (Fotos: Ola Matti Mathisen)